




Limboen går: Eit spøkelse har nyleg passert lista og no kjem ein sjørøver!

Fredag 4. mars går startskotet for karnevalet i Rio.

Men i Uskedalen i Noreg har dei da fornegst starta karnevalsesongen. Det skjedde i Aktivitetshuset i kveld i regi av den driftige turngruppa.

Imponerende oppslutnad prega det timelange forskotet på sesongen: Det møtte bortimot 50 elleville aktørar mellom 3 og 10 år.



Emilie Bringedal liker å dansa

2 parti i turngruppa hadde ansvaret for karnevalet - idrettsskolen og barnetrimmen.



Thea Taranger - blir ho balansekunstnar?

Vanlegvis kjem det 25 på det første og mellom 10 og 15 på det siste partiet og det er difor grunn til slå fast at karneval har ein spesiell appell også til uskedelingane.



Nesten 50 kom på karnevalet!

Fantasien kjente ingen grenser her heller med omsyn til antrekk. I kveld i Aktivitetshuset såg ein alt frå pirnsessar og indianarhovdingar til sjørøvarar og spøkelses. Men nesten alle såg ut som om dei hadde kvikksylv i kroppen.



Kva skal ein kalla det - runddans?

Programmet var ikkje særleg strengt - det starta med limo og slutta med popcorn med fri dans imellom..

Men i sum var det ein forfriskande time som fortener reprise også for andre aldersgrupper. Kven tek ansvaret?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.